

# ISRAEL SOM MISJONSMARK

AV MAGNE SOLHEIM

Eg har fått til oppgåve å skriva om Israel som misjonsmark, men det er inga lett oppgåve, for på få stader i verda er vel alt i slik rivande vokster og utvikling som i Israel.

Staten Israel er eit faktum og har vore det i over 3 år, men det er ingen ferdig stat, men ein stat i emning og utvikling. Då staten vart proklamera den 14. mai 1948, budde det mindre enn 700.000 jødar innanfor grensene, men på 3 år har Israel nesten fordobla sitt folketal.

«Vi har ein stat, men vi er ennå ikkje eit folk,» sa ein jøde i lei-dande stilling til meg ein gong. Det kjem sikkert til å ta lang tid ennå før jødane i Israel veks seg saman til eit folk. Dei kallar seg alle jødar, men har kome frå over 60 land frå ymse stader i verda. Deira morsmål er oftast det målet som vert tala i det landet der dei vaks opp. Når ein ser avisene som kjem ut i Israel, får ein med ein gong ein tokke av språkvirvaret i landet. Hebraisk er det offisielle målet, men over halvparten av folket kan ikkje hebraisk, og så lenge masse-innvandringa står på, vert det stadig fleire som ikkje kan hebraisk. Borna som veks opp lærer hebraisk på skulen, men mange av dei som nå kjem til Israel som vaksne, kjem aldri til å læra skikkeleg hebraisk. Nye koloniar veks fram stadig, og i mange av desse koloniane bur det folk så å seia frå eit land. På denne måten finn ein koloniar der det vert tala rumensk, ungarsk, bulgarsk, tjekkisk osv., alt etter det landet folket er ifrå. Når borna byrjar å læra hebraisk på skulen, lærer så foreldra hebraisk av borna sine, så godt det let seg gjera.

Men det er ikkje berre dei mange språk som valder vanskar og kløyver folket. Den kulturelle og religiøse ulikskapen er også stor. T.d.: Nyleg kom det ca. 100.000 jødar frå Irak. Dei kom frå eit av

dei eldste «jødесamfunna» i verda, og attar frå dei jødanē som vart førde i fangenskap til Babylon av Nebukanesar, men som ikkje vende heimatt då dei «70 år» var omme. Dei har si eiga soge, og sine eigne tradisjonar som går attende over 2500 år i tida. Ei anna asiatiske folkegruppe er jemenitane frå Jemen (i Sør-Arabia). Dei hevdar at dei har levd i Jemen i 3000 år. Dei kan både hebraisk og arabisk. Jødane frå Nord-Afrika er også eit folkeferd for seg og har i århundre vore underkua av muhamedanerne der, og høyrer til dei mest primitive jødar i verda. I utsjåande liknar dei mest på jødane frå Asia. Jødane frå Asia og Afrika har ein brunleg hudfarge og ser heilt annarleis ut enn dei européiske og vesterlandske jødane. Vesterlandsk kultur er ukjend for dei. Ofte har ein mann 3—4 koner og 30—40 born. Døtrene vert ofte selde som koner alt i 10-års alderen. I Israel har alle barneekteskap vorte oppløyste, og inga jente har lov å gifte seg før ho er 17 år.

Nokon religiøs einskap mellom jødane i Israel kan ein ikkje tala om. På den eine sida har ein dei ortodokse lovtru jødar, som i alt og eit er bundne av den rabbinske tradisjonen. Dei ser med uro og angst på heile utviklinga i staten Israel. Dei vil ikkje vita av nokon moderne demokratisk stat, men dei drøymmer om ein teokratisk stat, der staten skal styrast etter Moseloven og rabbinarane sine føreskrifter, slik som dei har lært det i Talmud. På den andre sida har ein den store masse som på ingen måte vil inn under «loven». Dei kan vera både religiøse og ateistar. Sams for dei er berre at dei har sagt seg laus frå den gamle «lovreligionen». Mange seier at dei ikkje trur på nokon Gud, men dei vil byggja opp ein stat som skal tuftast på rettferd, og det gode skal råda. Andre seier at dei trur på Gud og les gjerne både Det gamle testamente og Det nye testamente. Men ei verkeleg religiøs oppseding får berre borna som går i dei ortodokse skulane. Staten Israel har ennå ingen grunnlov. Det har til denne tid vore uråd å laga nokon grunnlov som kunne samla dei ulike politiske og religiøse parti. Serleg har dei ortodokse jødar opponera voldsomt mot nokon moderne demokratisk grunnlov. Moseloven skal vera grunnloven.

Offisielt er det religionsfridom i Israel. Ein kan halda møte og gudstenester og forkynna det ein vil, på kva mål ein vil. Dei misjonar

og kyrkjesamfunn som arbeidde i Palestina i den engelske mandat-tida, får arbeida vidare, men ein må vel rekna med at det vil verta vanskeleg for nye misjonar å byrja noko arbeid i Israel. For misjonærar frå nye selskap vil det, etter som det nå ser ut, verta vanskeleg å få oppholdsløyve.

Nå kan vi ikkje klaga over at det akkurat er få misjonar som arbeider i Israel, men ulukka er at ca. 80 % av alle misjonærar er i Jerusalem. Det har alltid vore noko romantisk for dei ymse kyrkjesamfunn å ha ein misjon i Jerusalem. Tel-Aviv t.d. er den eldste *reine* jødiske byen i det nye Palestina, grunnlagt i 1909, og er den største byen i Israel med eit folketall på ca. 250.000 menneske. Men i Tel-Aviv er det ikkje ein einaste misjon eller kristeleg samlingsstad. Det har ikkje vore noko romantisk med Tel-Aviv. Misjonspengane gjekk mykje lettare inn når ein kunne fortelgja at ein hadde ein misjon i Jerusalem. No har rett nok Tel-Aviv vokse saman med den gamle byen Jaffa, som før var for største delen arabisk, og i Jaffa er det ein engelsk og ein skotsk misjon. Nye byar veks fram i Israel, men ein leitar til fånytte etter misjonar der. Mykje ville ha vore vunne om dei ymse misjonar som arbeider i Israel ville ha utnytta kreftene sine på ein meir rasjonell måte.

Av det som før er skrive er det sikkert ikkje vanskeleg å skyna at den som vil vera misjonær i Israel har mange vanskar å kjempa med. Ein av dei mange vanskar er språkvanskane. Ein misjonær bør kunna hebraisk, men med hebraisk når han i dag berre ein del av folket. Dersom han kan 2—3 européiske språk ved sida av hebraisk er det ei stor hjelp. Diverre er dei fleste av misjonæranne som arbeider i Israel i dag engelsktalande. Det gjekk på ein måte i den engelske mandat-tida, men i dag når ein ikkje den store masse med engelsk. Slik som stoda er i dag, er det også naudsynleg at den einskilde misjonær prøver å koma i kontakt med dei folkegrupper som han har føresetnader å koma i kontakt med. Hans arbeidsfelt vil avgrensa seg av seg sjølv.

Ei oveleg viktig oppgåve er å kunna skaffa nok biblar og nytestamente på dei ymse språk. Her har Bibelselskapet sin store misjon. Israel og Bibelen høyrer på ein serskild måte saman. Det må dei jødar som ikkje trur på Gud også innrøma. Det klassiske hebraiske målet

finn ein i Bibelen, og ein stor del av jødane si saga finn ein der. Det gamle testamente vert difor lese i alle skular. (I Israel har ein til denne tid berre partiskular. Det har vore mål å samla dei ymse flokkar om sams skular.) Sjølv om Det gamle testamente ofte vert lese i skulane som historie, poesi o.s.v. so lærer likevel den oppvoksende slekt Det gamle testamente å kjenna. I Europa var dei fleste jødar ukjende med sin eigen bibel. Det nye testamente er heller ikkje noko ukjend bok i Israel. Den unge slekt vil gjerne lesa Det nye testamente. Det er i det heile ikkje vanskeleg for ein misjonær å koma i kontakt med folk. Men om ein hjå mange møter godvilje, må ein også rekna med hard motstand. Ein veit heller ikkje kor lenge staten vil vera så tolerant som nå.

I den seinare tid har det heva seg røyster som forkynner at misjonsarbeidet i den gammeldagse form ikkje har noko framtid for seg i Israel. Jødane hatar namnet «misjon». Det er også ein arroganse å venda seg til jødane gjennom «misjon» på same måte som ein har gjort med heidningane. Nei, jødane må ein vinna på ein annan måte. Ja, det er sikkert og visst at namnet «misjon» ikkje har nokon god klang i øyro på mange jødar, og det er heller ikkje vanskeleg å peika på dei mange veike sider i israelsmisjonsarbeidet. Ein kan også gjerne freista nye arbeidsmetodar, og freista skifta namnet «misjon» med eit eller anna slags «institutt» t. d. Men dersom ein verkeleg vil prøva vinna jødar for Kristus gjennom evangeliet, så trur eg at namnet «institutt», eller kva det nå kan vera, om ikkje lenge vil skurra like mykje i jødane sine øyro som «misjon». Det har aldri vore populært å forkynna jødane evangeliet, like lite i Paulus sine dagar som i dag. Den som ventar at folk skal ropa «hurra» for ein og skriva rosande i avisene om ein, når ein kjem til Israel med evangeliet, er på avvegar.

Personleg trur eg at ein lenge ennå har bruk for misjonar i Israel, men eg trur at skal Israel verta vunne for evangeliet, så må det meir og meir skje ved kristne jødar. Ei stor oppgåve er det difor å hjelpa fram kristne jødar som har gåvor å arbeida i Guds vingard, og er villige å leva og lida for evangeliet på same tid som dei kjenner seg eit med sitt folk og land.

Det er ikkje mange kristne jødar i Israel i dag. Frå tid til tid kan ein i avisene i Israel lesa at det er fleire tusen døypte jødar i landet.

Det er kanskje rett, men dei jødar som søker kristeleg samfunn og vedkjenner seg som kristne, er vel knapt meir enn nokre hundre, og dei fleste er å finna mellom dei nye innvandrarar. Frå Romania har det den seinare tid kome ikkje så få kristne jødar, og sjølv held eg fram i Israel det arbeidet som eg måtte gi opp då kommunistane tvang meg til å forlate landet i 1948. Dersom Ungarn skulle opna sine grenser for emigrasjon til Israel, kan ein venta heller mange kristne jødar derifrå.

Ei stor oppgåve er det å ta seg av dei kristne jødar som kjem til landet. Dersom dei vert spreidde overalt utan å ha høve til å koma saman om Guds ord (på eit språk som dei skyna) vert dei lett utarma åndeleg. Her merkar ein kanskje betre enn andre stadar kva det kristne samfunn, brodersamfunnet, har å seia. Det er på ingen måte lett å leva som kristen jøde i Israel. Det skulle vera ei oppgåve for den kristne kyrkja å hjelpa dei kristne jødar i Israel, slik at dei som kjenner seg som eitt gjennom sams språk og tru, kunne få bu så pass nær kvarandre at dei kunne koma saman til gudsteneste. Det kunne gjerast på den måte at ein hjalp dei med hus, verktøy etc. På den måten ville det også vera lettare for dei å oppseda borna sine i kristeleg ånd. Men då alt er så oveleg dyrt i Israel, måtte det ikkje så liten kapital til. Til denne tid har t. d. ymse kyrkjer i Amerika gjeve store summar til staten Israel, men å få nokor kyrkja til å gå aktivt inn for å hjelpa dei kristne jødar i landet, har vore rådlaust. Måtte den kristne kyrkja få opp augo for det store ansvar ho har for dei kristne jødar i Israel. Kven skal hjelpa dei, dersom ikkje deira kristne brødre? Ein kan ikkje venta at dei jødiske organisasjonar skal kjenna noko ansvar for dei.

I den seinare tid har det frå ymse hald vore tala og skrive mykje om ei jødekristen rørsle i Israel. Den tidlegare bulgarske overrabbinar Daniel Zion som vart døypt i fjor, har vore mykje omtala. Det har vore skrive rett ut at nå bør misjonane la dei kristne jødane i fred og la den hebraiske kyrkja (eller den hebraiske kristne synagogen) ta seg av det (Karmel). Det vert skrive vidt og breidt om denne rørsle som har eller skal skipa ein kristeleg synagoge i Israel. Det er framtidskyrkja der! Det vert tala om vårvinden som nå bles over landet osv.

Ofte får vi som bur i Israel brev frå folk som gjerne vil vita meir om denne merkelege og lovande rørsla.

Sanninga er at det er ein liten flokk kristne jødar i Israel som nå freistar å laga ein jødekristen synagoge, som dei seier. Med dette meiner dei ei serleg jødekristeleg kyrkja. Eg trur knapt at det er meir enn 10—12 mann som går inn for denne rørsla. Mellom dei er også den tidlegare rabbinar Daniel Zion. Men han er ein gamal mann, som ein menneskeleg tala ikkje kan venta seg så mykje av lenger. Nyleg såg denne flokken seg nøydd til å senda ut eit skriv, der dei tek avstand frå det venner og frendar i inn- og utland har skrive om dei. Dei ynskjer ingen sensasjon og reklame som ikkje svarar til sanninga.

Det er ennå for tidleg å gjera seg noko avgjort meining om denne rørsla. Berre så mykje kan seiast at også innanfor denne vesle flokken er ulikskapen stor. Sume hevdar at dei vil ikkje ha nokon ting med den *synlege kyrkja* å gjera. Dei vil tilbake til den *ekte apostoliske kyrkja*, slik ho var på jødisk grunn. Kyrkja sine dogmer bryr dei seg ikkje om. Det einaste dogme dei vil godkjenna er: «*Vi trur på Jesus som Messias*». Ei av kyrkja sine store synder er at ho har avskaffa sabbaten og har gjort søndagen til kviledag, seier nokre av dei som vil vera førarar. Ein kan ikkje la vera å tenkja på «judaistane», som Paulus kjempa så hardt i mot, når ein møter sume av talsmennene for denne rørsla. Men som sagt, også innanfor denne vesle flokken er meiningane ulike. Sume seier at dei trur på Jesus som Messias, men kan likevel vanskeleg kalla Jesus for Gud. Tida fær visa kva som kjem ut av denne «kristne synagogen». Sikkert er at denne flokken gjerne vil vera vitne for Messias for sitt folk, og måtte Gud gi dei klårsyn, så dei verkeleg kunne verta det.

Eg trur at alle som arbeider og ber for Israels frelse, med lengting og bøn ser fram til den dagen då det i staten Israel står fram ei verkeleg hebraisk kyrkja med ånd og eldfulle jødekristne leidarar. Men ei slik kyrkja kan ikkje skapast på nokon lettvinnt måte, men må veksa naturleg fram. Vi har Guds lovnader at heile Israel skal verta frelst, og Han vil i sin time også vekkja til live den hebraiske kyrkja. Vår oppgåve er å vera Hans «medarbeidarar» — be og arbeida utan å trøytne.